

NORD-FRON KOMMUNE
Nedregata 50
2640 VINSTRA

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 12/02866-62

25.05.2020

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2020/141 – Låvås/Lauvås i Nord-Fron kommune

I samband med adressering i Nord-Fron kommune har Språkrådet teke opp namnesak for stadnamn med forleddet *Låvås-/Lauvås-*, jf. brev datert 07.04.20. Kartverket nyttar samstundes høvet til å reisa namnesak for nokre fleire namn som har skrivemåtestatusen 'føreslege' i Sentralt stadnamnregister (SSR). Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentlig bruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. I tillegg til primærnamna tek me avleidde namn med i saka, jf. § 8 siste ledd i forskrift om stadnamn.

Det går fram av den vedlagde lista kva for namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: www.norgeskart.no/ssr/. For meir informasjon om bruksnamna, sjå <https://seeiendom.kartverket.no> (søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen.)

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av mellom anna nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre bruk dette gjeld. **Med bed Sør-Fron kommune som får ein kopi av dette brevet om å kunngjera saka og gje høyringsfråsegn på dei namna som ligg heilt eller delvis i Sør-Fron.**

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

Etter § 4 stadnamnlova er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd. Kommunen må difor setja på vent ev. pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak på skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak. I denne saka gjeld det òg grendenamnet *Lauvåsfeltet/Purkelykkja*, der kommunen òg er vedtaksmynde.

Bruksnamn

Som for andre stadnamn skal ein ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Men etter lov om stadnamn § 5 tredje ledd har grunneigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namn på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må grunneigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon for den skrivemåten han ynskjer. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å innhenta og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (*post@sprakradet.no*), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå dei får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 08700. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET
 SØR-FRON KOMMUNE